



# AthenaPOS

Systemskildring

## Bakgrunn

Stortinget vedtok i 2015 ei ny lov, *Lov om krav til kassasystem (kassasystemlova)* samt *Forskrift om krav til kassasystem (kassasystemforskrifta)*, som påla leverandørane av kassasystem ei rekkje krav for å være i samsvar med lova. Formålet med lova er å hindre ulovleg omsetning utan at dette vert registrert i kassasystemet.

I lova og forskrifta går det fram at kassasystem skal ha ei systemskildring. Dette dokumentet er ei slik systemskildring.

## Systemskildring

### Modell, type og versjon

AthenaPOS er kassasystem som køyrer på Microsoft Windows operativsystem. Det er laga for berøringsskjerm og krev ikkje tastatur. Fyrste versjon av AthenaPOS som oppfyller krava til lova er versjon 3.0.0. Endringar frå og med versjon er tilgjengeleg her:

<https://norbits.no/downloads/AthenaPOS/3.0.1/AthenaPOSEndringer.txt>

Alle endringar i kjeldekoden vert logga i Norbits sin GitLab, og vil verte utlevert til Skatteetaten på førespurnad.

AthenaPOS køyrer på alle typar PC som kan køyre Windows 32 bits programvare og som kan køyre Microsoft SQL Server 2008 eller høgare. Alle data vert lagra i ein eigen passordbeskytta database. Standard namn på databasen er «AthenaPOS».

ID nummeret til kasseapparatet er kombinasjonen av avdelingsnummer og kassenummer. Dette ID nummeret er unikt innanfor kvar organisasjon (same org. nr.). AthenaPOS er gjerne brukt av butikkjeder, der avd. nr. og kassenr. er administrert via programvare på hovudkontoret. Dersom to kasser har same ID nummer, så vil det ikkje være råd å hente inn kasseoppgjøret til sentralt system, fordi då vå det oppstå «primærnøkkelen» feil.

### Oppbygging av kassasystemet

AthenaPOS består primært av to hovedmodular:

1. AthenaPOS programvare
2. Microsoft SQL Server

### AthenaPOS programvare

Programvaren vert installert av Norbits eller autorisert forhandlar, som regel i katalogen c:\programfiler\norbits\athenapos eller c:\athenapos.

Installasjonen består av følgjande filer:

AthenaPOS.exe	Programfil (binær eksekverbar programfil)
Admin.exe	Program for å endre innstillingar
AthenaPOS.ini	Innstillingar av programmet
AthenaPOS.udl	Tilkoplingsfil til server og database
Libeay32.dll	Bibliotek for å lage digital signatur iht. lova
Ssleay32.dll	Bibliotek for å lage digital signatur iht. lova

I tillegg består AthenaPOS av støttefiler for bankterminal (avheng av kva bankterminal kunden nyttar).

#### [Microsoft SQL Server](#)

Microsoft SQL Server vert installert av Norbits eller autorisert forhandlar, og vert nytta for å lagre alle AthenaPOS-data i eit passordbeskytta miljø.

#### [Tilgjengelege funksjonar i AthenaPOS](#)

Denne oversikta kjem i tillegg til brukarrettleiinga.

##### [Registrering av sal](#)

Det er råd å registrere sal og registrere betaling iht. kasselova.

##### [Vareoppslag](#)

Det er råd å gjere vareoppslag for å finne informasjon om ei vare. Denne funksjonen er laga slik at den ikkje kan forvekslast med registrering av eit sal.

##### [Opne skuff](#)

Det er råd å eksplisitt åpne kasseskuffa utanom sal. Ei slik skuffopning vert logga i journalen.

##### [Kopi av bong](#)

Det er råd å skrive ut kopi av bong (berre ei gong pr. bong).

##### [Kasseoppgjer \(Z-rapport\)](#)

Det er råd å føreta kasseoppgjer (Z-rapport) iht. kasselova.

##### [X-rapport](#)

Det er råd å skrive ut X-rapport iht. kasselova.

##### [Statistikk](#)

Det er råd syne statistikk (sal pr. betalingsform pr. seljar, sal pr. varegruppe/seljar, oversikt over gavekort og tilgodelappar).

##### [Sladrerull](#)

Det er råd å skrive ut ein sladrerull i A4-format. Oversikt over alle innslag.

##### [Varemottak](#)

Det er råd å registrere varemottak. Denne funksjonen krev Athena Backoffice program der transaksjonen vert registrert.

##### [Varebestilling](#)

Det er råd å registrere varebestilling. Denne funksjonen krev Athena Backoffice program der transaksjonen vert registrert.

## Tilbod

Det er råd å lage og skrive ut tilbod.

## Etikettar

Det er råd å skrive ut etikettar.

## Internflytting

Det er råd å registrere internflytting (dvs. flytting av varer frå ein butikk til ein annan). Denne funksjonen krev Athena Backoffice program der transaksjonen vert registrert.

## Reklamasjonar

Det er råd å registrere reklamasjonar.

## Internforbruk

Det er råd å registrere internforbruk. Denne funksjonen krev Athena Backoffice program der transaksjonen vert registrert.

## Utlevering av kundebestillingar

Det er råd å levere ut kundebestillingar.

## Behaldningsavvik

Det er råd å registrere behaldningsavvik. Denne funksjonen krev Athena Backoffice program der transaksjonen vert registrert.

## SAF-T

Det er råd å lage ei SAF-T fil iht. krava i kasselova.

## Ulovlege funksjonar

AthenaPOS har ingen funksjonar som ikkje er iht. kasselova og kasseforskrifta.

## Kontroll av kassasystemet

Funksjon for å generere SAF-T fil er enkelt tilgjengeleg i menyen til AthenaPOS. Fila kan genererast slik:

1. Start AthenaPOS (om det ikkje er starta allereie)
2. Frå hovudmenyen (Figur 1), klikk på «Neste meny» fire (4) gonger, slik at du ser knappen «SAF-T» (Figur 2).
3. Klikk på knappen «SAF-T».
4. Oppgi kva utval du vil ha med i fila (Figur 3 og Figur 4)
5. Trykk OK.
6. Fila vert lagra i ei undermappe av programkatalogen som heiter «SAF-T» (Figur 5)
7. Sjå døme på starten av ei slik fil (Figur 6).

Sjå førvrig skjermbilder nedanfor.

# NORBITS ATHENA



Ekspedere

Vareoppslag

Åpne skuff...

Kopi av bong..

Kasseoppgjør


Neste meny

Slå av


31.10.18 18:30

Figur 1

# NORBITS ATHENA




## Point Of Sale




31.10.18 18:31


Figur 2



Figur 3



Figur 4



Figur 5

```
1  <?xml version="1.0"?>
2  <n1:auditfile xmlns:n1="urn:StandardAuditFile-Taxation-CashRegister:NO">
3      <n1:header>
4          <n1:auditfileSender>
5              <n1:companyIdent>NO 123 456 789 MVA</n1:companyIdent>
6              <n1:companyName>Firma AS</n1:companyName>
7              <n1:taxRegistrationCountry>NO</n1:taxRegistrationCountry>
8              <n1:taxRegIdent>1234567879MVA</n1:taxRegIdent>
9              <n1:streetAddress>
10                 <n1:streetname>Gaten 1</n1:streetname>
11                 <n1:number/>
12                 <n1:city/>
13                 <n1:postalCode/>
14                 <n1:region/>
15                 <n1:country>NO</n1:country>
16             </n1:streetAddress>
17             <n1:postalAddress>
18                 <n1:streetname>Gaten 1</n1:streetname>
19                 <n1:number/>
20                 <n1:city/>
21                 <n1:postalCode/>
22                 <n1:region/>
23                 <n1:country>NO</n1:country>
24             </n1:postalAddress>
25         </n1:auditfileSender>
26         <n1:fiscalYear>2018</n1:fiscalYear>
27         <n1:startDate>2018-01-01</n1:startDate>
28         <n1:endDate>2018-10-31</n1:endDate>
29         <n1:curCode>NOK</n1:curCode>
30         <n1:dateCreated>2018-10-31</n1:dateCreated>
31         <n1:timeCreated>18:33:38</n1:timeCreated>
32         <n1:softwareDesc>AthenaPOS</n1:softwareDesc>
33         <n1:softwareVersion>1.0</n1:softwareVersion>
34         <n1:softwareCompanyName>Norbits AS</n1:softwareCompanyName>
35         <n1:auditFileVersion>1.0</n1:auditFileVersion>
36         <n1:headerComment/>
37         <n1:userID>001</n1:userID>
38     </n1:header>
39     <n1:company>
40         <n1:companyIdent>NO 123 456 789 MVA</n1:companyIdent>
41         <n1:companyName>Firma AS</n1:companyName>
42         <n1:taxRegistrationCountry>NO</n1:taxRegistrationCountry>
43         <n1:taxRegIdent>1234567879MVA</n1:taxRegIdent>
44         <n1:streetAddress>
```

Figur 6